

Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel

Systematisk folkehelsearbeid i Fitjar Kommune

Dei nasjonale forventningane legg opp til at kommunane skal sikra trygge og helsefremjande bu- og oppvekstmiljø, som er frie for skadeleg støy og luftforureining. Det skal leggjast til rette for fysisk aktivitet og tilgang til område for lek, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv. Universell utforming skal leggjast til grunn i planlegginga slik at samfunnet vert tilgjengeleg for alle og nærmiljøet er vurdert som viktig for helse, trivsel og oppvekst.

Det må takast stilling til konsekvensane av befolkningsveksten som i framtida i stor grad kjem gjennom auka innvandring og aldrande befolkning. Regjeringa sitt mål er å skapa eit samfunn som fremjar helse hos heile befolkninga, reduserer sosiale helseforskjellar og som fremmar helsevennlege val.

Gjennom planlegginga kan kommunane leggja til rette for gode lokalsamfunn og bustadområde, fysisk aktivitet og eit meir helsefremjande miljø.

For å sikra grunnleggjande dugleik hjå barn og unge og sikra at dei oppnår forventa kompetanse er det viktig å sikra god kvalitet i barnehage, barneskule og ungdomsskule. Skulen er òg ein sentral arena for integrering og ein viktig dannelsesarena. Det er sterk samheng mellom kompetansenivå og næringsutvikling i Hordaland. Ei hovudutfordring er å motverke fråfall i utdanningsløpet.

1 Utviklingstrekk og hovudutfordringar

Folkehelseprofilen for Fitjar 2019 viser at det er nokre område i høve folkehelseaspektet som bør prioriterast i kommunen. Arbeidet må skje gjennom politisk og administrativ forankring og det kan gjerast avtalar om partnerskap for folkehelse. Ein må sjå på folkehelsesatsinga som ein del av det kommunale utviklingsarbeidet.

Utfordringar:

- Talet på elevar som ikkje trivst på skulen er høgare enn elles i Hordaland og Noreg
- Talet på elevar med lågaste meistringnivå i 5.klasser er høgare enn elles.
- Talet på personar med hjarte- og karlidingar er høgare enn elles.
- Talet på eldre over 80 flatar ut dei næraste åra, men skyt fart og aukar frå 2025 til ei dobling av talet i 2035, og utviklinga fortset.
- Trafikktryggleik generelt, og på skuleveggar spesielt
- Auke i livstilslidingar og einsemd

2 Kommunen sine oppgåver

Kommunen bør i alle planprosessar og ved vurdering av enkelttiltak vera merksam på kva som fremjar god folkehelse og arbeida for at alle skal få så gode levekår som mogleg.

Folkehelseperspektivet skal difor vera med som tema i planlegging og vurderast i enkelttiltak. Førebyggjande tiltak vil vera viktig. Det er fem prinsipp for alt folkehelsearbeid:

1. Utjamning
2. Helse i alt vi gjer
3. Berekraftig utvikling
4. Føre-var
5. Medverknad

I planlegginga må folkehelseinnsatsen rettast mot mål som handlar om å:

- skapa gode oppvekst- og levekår
- skapa eit samfunn som legg til rette for sunne levevanar, fellesskap, likeverd, sjølvstende, tryggleik, berekraft og deltaking
- skaffa oversikt over helsetilstanden i kommunen for å avklare kvar det er behov for å setja inn krefter for å betre livsvilkåra for folk flest


For at kommunen skal lukkas i sitt arbeid for ei god folkehelse rår folkehelsekoordinatoren, med heimel i Folkehelselova, til at Fitjar Kommune må:

- sikra at kunnskap om helsetilstand og påverknadsfaktorar, som det går fram i folkehelseoversikt for Fitjar, vert lagt til grunn for lokale planar og tiltak
- vidareutvikla folkehelsearbeidet som lokalt satsingsområde
- forankra folkehelsearbeidet i alle sektorar og politikkområde
- sikra at folkehelsearbeidet vert inkludert i relevante plandokumentarbeid
- klargjera organiseringa av arbeidet
- utvikla mål og strategiar for folkehelse
- få oversikt over og utvikla verktøy for arbeidet

Det er naudsynt at dette blir nedfelt i kommuneplan og planstrategi for å sikra ei god forankring.

Som ledd i arbeidet med å få oversikt over og utvikla verktøy for arbeidet vil det vera tenleg å utvikla eit system. Eit system for løpande oversikt over helsetilstanden inneheld årshjul for oversikten, kva faktorar/tilhøve kommunen skal følgje særskilt med på og ansvaret til rammeområda, rutinar, kontaktpersonar, avvikshandtering, kjelder og referansar.

3 Årshjul for løpande oversikt



4 Kva indikatorar kan kommunen følgje særskilt med på?

| Tidspunkt: 1.-2. kvartal | | |
|---------------------------|--------------------------------------|---|
| Eining | Avdeling/område | Indikator/tilhøve |
| Oppvekst og kultur | Skule | Elevundersøking: mobbing trivsel Gjennomført vgs Nasjonale prøvar i lesing og rekning |
| | Barnehage | Andel styrarar og pedagogiske leiarar med godkjent barnehageutdanning. Andel barn 1-5 år med barnehageplass. Andel minoritetsspråklege barn |
| Teknisk | Samferdsle, transport, infrastruktur | Trafikkauke Trafikkulukker Gang- og sykkelvegnett |
| | Miljø | Drikkevasskvalitet Tilgang friområde |
| Helse og omsorg | Rus og psykisk helse | Brukarplan –oversyn over gruppa og sentrale faktorar |
| | Helse | Evaluering av temaområde sjukdom og helse i folkehelseprofilen Sjukdomspanorama førebyggbare sjukdomar frå 2. linjetenesta Årsverk/ressursbruk –skulehelsetenesta/helsesøstrer og barnevern |

| | | |
|------------------------------------|--------------|---|
| | | Andel risikoutsette med influensavaksine |
| | Helsestasjon | Resultat screening mtp vekt -skuleborn Vaksinasjonsdekning |
| | Barnevern | Andel undersøkingar med behandlingstid over 3 mnd. Barn med tiltak Tal barn med akutt plassering |
| | NAV | Unge uføre Mottakarar sosialstønad Arbeidsløyse |
| Sentralad- ministrasjon | Demografi | Befolkningsutvikling sonevis Framskrivning av aldersfordeling Innvandrar og norskfødde med innvandrarforeldre Innvandrar i Fitjar etter verdsdel |
| | Levekår | Personar under 18 år i låginntektsfamiliar |
| | Folkehelse | Årleg folkehelseprofil frå fhi Tannhelse |
| | SLT | Kriminalstatistikk |

| Tidspunkt 3.-4- kvartal | | |
|------------------------------------|--|--|
| Eining | Avdeling/område | Indikator/tilhøve |
| Oppvekst og kultur | Skule og barnehage | Gjennomgang hovudtrekk/utvikling av faktorar/tilhøve frå 1. og 2. kvartal med fokus på negativ utvikling |
| Teknisk | Samferdsle, transport og infrastruktur | Gjennomgang hovudtrekk/utvikling av faktorar/tilhøve frå 1. og 2. kvartal med fokus på negativ utvikling |
| Helse og omsorg | Rus/psykiatri, helsestasjon | Gjennomgang hovudtrekk/utvikling av faktorar/tilhøve frå 1. og 2. kvartal med fokus på negativ utvikling |
| | Fastlegane | Årsrapport |
| Sentralad- ministrasjon | Folkehelse | Samanfatning for Fitjar Handlingsplan |
| | SLT | Kva utfordringar har vi med tanke på barn og unge? Behov for innsats på tvers av einingane? Handlingsplan |

| Tidspunkt årleg/kvart x.år | | |
|----------------------------|-----------------|---|
| Eining | Avdeling/område | Indikator/tilhøve |
| Helse og omsorg | Rus/psykiatri | Brukerplan |
| Sentralad- ministrasjon | SLT | UNG data undersøking – 2016, 2019, 2021.... |
| | Folkehelse | Folkehelseoversikt -2016, 2020, 2024 |

5 Rutinar for arbeidet

- Einingane har ansvar for å skaffa fram statistikk i høve liste og årshjul som nemnt over.
- Kvar eining har ein person som skal koordinere arbeidet med innsamling av statistikk i si eining.
- Folkehelsekoordinatorar kallar inn til møter
- Statistikken skal drøftast og leggest fram for leiargruppa og kommunelege.
- Leiargruppa har ansvar for å spreie informasjonen i organisasjonen.
- Avvik på rutinane skal meldast i avvikssystemet til kommunen.
- Det løpande oversiktsarbeidet skal evaluerast årleg.

6 Kontaktpersonar

| Eining | Avdeling | Kontaktperson |
|-----------------------|----------------|-----------------------|
| Oppvekst og kultur | Skule | Rådgevar |
| Helse og omsorg | Helse og rehab | Kommunefysioterapeut |
| Teknisk | Stab | Samfunnsplanleggjar |
| Sentraladministrasjon | Stab | Folkehelsekoordinator |

7 Kjelder

7.1 Helsedirektoratet

Folkehelsearbeid i kommunen

7.2 Lover, forskrifter og rettleingar

Folkehelseloven

Plan og bygningsloven

Forskrift om oversikt over folkehelsen

Veileder til arbeidet med oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer

7.3 Fitjar kommune

7.3.1 Helse og omsorg

Fastlegane/kommuneoverlege

Fysioterapeutane

NAV Fitjar

Barnevern

Helsestasjon

Psykisk helse

7.3.2 Oppvekst og kultur

Skule

Barnehage

7.3.3 Teknisk

Drift

Teknisk

Samfunnsplanlegging

7.3.4 Sentraladministrasjon

7.4 Hordaland Fylkeskommune

[Hfk sin nettportal for Folkehelse](#)

[Verktøy for folkehelsearbeidet](#)

7.5 Aktuell statistikk

[Statistikk til folkehelseoversikten](#)

[SSB](#)

[Folkehelseinstituttet - Folkehelseprofil](#)

[Elevundersøkinga](#)

UNGdata

KOSTRA

Politiet

Med meir....

8 Vedlegg:

8.1 Sjekkliste for gode nærmiljø

- Vi har gode arbeidsmuligheter og levende handel på stedet vi bor.
- Kommunen har gode møteplasser i boligområder og byrom som innbyr til liv, lek, samvær og tilhørighet.
- Vi har gode skoler og barnehager uten mobbing, og med et system for å fange opp barn og unge som faller utenfor.
- Vi har god oversikt over hvilke særskilte helse- og trivselsutfordringer vi har i kommunen vår, og hvilke spesielle goder og ressurser som finnes hos oss. Vi vet hvilke frivillige organisasjoner vi har i kommunen, og hva slags tilbud de har.
- Det er trygt og attraktivt å gå og sykle i kommunen – også om nettene.
- Vi har nærhet til grøntområder for lek og rekreasjon, og anlegg for idrett og friluftsliv.
- Vi jobber kontinuerlig for å redusere skadelig støy og lokal luftforurensning.
- Vi tilrettelegger for nødvendige tjenester for alle på tvers av alder, kultur og funksjonsnivå.
- Vi har en helhetlig boligpolitikk og tilstrekkelig og variert boligbygging til folk i alle livsfaser med ulike ressurser.
- Vi satser på forebyggende helsetjenester gjennom et attraktivt frisklivstilbud, helsestasjon og skolehelsetjeneste.

Kjelde: SunneKommuner
